HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus
Helse Bergen HF

Helsedirektoratet

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Saksbehandlar:	Dato:
26/18353	2020/501 - 123505/2026	Øyvind Østerås	30.09.2026

Høyring – Revisjon Nasjonal veileder for masseskadetriage

Helse Bergen HF takkar for høvet til å gi innspel til framlegget til reviderte nasjonale tilrådingar for masseskadetriage.

Helse Bergen støttar hovudretninga i revisjonen. Framlegget inneber ei nødvendig forenkling av dagens rettleiar og er godt tilpassa utfordringane som kan oppstå ved større ulukker, katastrofar og hendingar med stor ressursknappleik.

Vi vil særleg framheve den tydelege vektlegginga av X-ABCDE-prinsippet, der tidleg blødingskontroll blir prioritert framfor andre tiltak. Dette er godt fagleg forankra og samsvarer med etablert kunnskap innan moderne traumebehandling og *damage control resuscitation*.

Helse Bergen har likevel enkelte innspel til den vidare utviklinga av rettleiaren.

1. Samleplass bør vere unntaket, ikkje eit standardtrinn

Rettleiaren omtalar allereie at etablering av samleplass er tid- og ressurskrevjande og må vurderast opp mot risiko, tilgjengelege ressursar og behandlingsmoglegheiter på staden. Helse Bergen meiner at denne føringa bør gjerast endå tydelegare.

Hovudmålet ved masseskadehendingar bør vere rask transport til endeleg behandlingsstad. Samleplass bør primært reserverast for situasjonar med vedvarande uvisse eller risiko på skadestaden, vesentleg mangel på transportressursar eller andre forhold som gjer direkte evakuering umogleg.

Erfaringar frå øvingar viser at samleplass lett kan bli ei standardløysing som bind opp personell og ressursar, samstundes som transport og behandling blir forseinka. Dersom transportkapasiteten er avgrensa, er det særleg viktig at ambulansepersonell i størst mogleg grad blir nytta til behandling under transport, framfor på stasjonære samleplassar.

Helse Bergen vil òg framheve at innsats frå publikum ofte kan ha størst verdi når han bidreg til å flytte skadde til lastepunkt for ambulansar. På denne måten kan helsepersonell prioritere livreddande behandling og transport.

2. Støtte til ein forenkla triagemodell

Helse Bergen støttar forenklinga av triagesystemet og reduksjonen til raud og svart kategorisering i den innleiande fasen av ei masseskadehending.

Ein slik modell verkar meir robust og brukande i situasjonar prega av tidspress, avgrensa ressursar og samansette innsatsstyrkar. Samstundes tilrår vi at den nye modellen blir testa gjennom praktiske øvingar og evalueringar før endeleg innføring, for å sikre at han fungerer som føresett under reelle operative forhold.

Postadresse:
Helse Bergen HF
Postboks 1400
5021 Bergen

Elektronisk adresse:
postmottak@helse-bergen.no
www.helse-bergen.no

Besøksadresse:

Generell informasjon:
Sentralbord 55975000
Org.nr: 983974724

Vi meiner òg at det bør skildrast tydelegare når og korleis innsatsen skal gå tilbake til ordinære akuttmedisinske prinsipp etter kvart som ressurssituasjonen blir betre.

3. Behov for tydelegare kriterium for oppstart av masseskadetriage

Rettleiaren omtalar kva som er meint med masseskade og masseskadetriage, men Helse Bergen meiner at han i for liten grad gir operative kriterium for når ein skal gå bort frå ordinære akuttmedisinske prinsipp og innføre masseskadetriage.

Avgjerda om å gå over til masseskadetriage må ofte takast tidleg i ein uoversiktleg situasjon. Det er derfor behov for tydelegare og praktisk brukande kriterium som kan støtte innsatspersonell og leiingsfunksjonar i denne vurderinga. Like viktig er det å skildre situasjonar der ordinære akuttmedisinske prinsipp framleis er tilstrekkelege.

4. Tilhøvet til organisering og leiing på skadestaden

Helse Bergen registrerer at rettleiaren i praksis er tett knytt til prinsippa i den nasjonale rettleiaren for organiseringa av helsetenesta på skadestaden.

Ved større hendingar med ressursknappleik vil val av handteringsstrategi, prioriteringar og disponering av ressursar normalt bli gjort gjennom den etablerte medisinske leiingsstrukturen på skadestaden, ofte med vesentleg involvering frå prehospital lege eller luftambulanselege. Denne samanhengen kjem i avgrensa grad fram i høyringsutkastet.

Helse Bergen tilrår derfor at samanhengen mellom masseskadetriage og leiing på skadestaden blir skildra tydelegare, slik at det ikkje oppstår uvisse om avgjerdslinjer og ansvar ved større hendingar.

Oppsummering

Helse Bergen HF støttar i hovudsak dei føreslåtte tilrådingane og vurderer at revisjonen gir eit godt grunnlag for framtidig handtering av masseskadehendingar.

Vi tilrår særleg at Helsedirektoratet vurderer:

- tydelegare føringar for når ein skal etablere samleplass
- sterkare vektlegging av rask evakuering og transport
- praktisk testing av den forenkla triagemodellen før innføring
- tydelegare kriterium for når masseskadetriage skal setjast i verk
- ei tydelegare skildring av samanhengen mellom masseskadetriage og medisinsk leiing på skadestaden

Etter Helse Bergen si vurdering vil desse presiseringane styrkje den operative nytteverdien av den reviderte rettleiaren og bidra til meir einsarta praksis ved framtidige masseskadehendingar.

Vennleg helsing
Kirurgisk serviceklinikk

Øyvind Østerås
Direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent